



Arkivnr: 2014/927-12

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.02.2017
Fylkestinget		07.03.2017

Finansforvaltninga i 2016

Samandrag

I saka vert det gjeve oversyn over fylkeskommunen si lånegjeld, vurdert opp mot krava i finansreglementet. Vidare finn ein oversyn over bankinnskot og omtale av renteinntekter og -utgifter.

Fylkeskommunen si lånegjeld auka med 963 mill. kr i 2016 og utgjær nær 9 880 mill. kr. Om ein reknar med lån til prosjekt der fylkeskommunen er bompengeselskap, har gjelda passert 10 mrd. kr. Netto gjeldsgrad er 109,2 % av inntektene.

Renta er bunden på 48,8 % av låneporteføljen.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2016 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Rapport frå BCM

Fylkesrådmannen, 08.02.2017**Lånegjeld**

Fylkeskommunen er inne i ein periode med høge investeringar og kraftig vekst i lånegjelda. Følgjande oversyn viser korleis gjelda har utvikla seg i 2016:

(Beløp i tabellane oppgitt i kr 1 000)

	Fylkeskassen	Bompengeprosjekt
Lånesaldo 1. januar	8 916 691	203 000
Nye låneopptak i 2016	1 405 000	
Avdrag	442 000	6 000
Lånesaldo 31. desember	9 879 691	197 000


Pr. 31.12.2016 består fylkeskommunen sin låneportefølje av 28 lån på nær 9,9 milliardar kr. Gjelda har auka med 963 mill. kr i 2016.

Eit viktig nøkkeltal er å sjå gjelda i høve til inntekter. Netto gjeldsgrad var 109,2 % ved utgangen av 2016, mot 101,6 % ved førre årsskifte.

Låna fordeler seg slik på långjevarar:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 451 000	24,8 %
Obligasjonslån	9	3 770 000	38,2 %
Kommunalbanken	12	3 658 691	37,0 %
Totalt	28	9 879 691	100,0 %

Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der bankane opptre som mellommenn. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.



Fylkeskommunen har teke på seg oppgåva som "bompengeselskap" for tre vegprosjekt: E39 over Stord / Fv.545, E134 Åkrafjorden og Årsnes ferjekai. Til dei to sistnemnde prosjekta har ein lån på 197 mill. kr.

Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det sagt at "Låneporteføljen skal vera diversifisert med omsyn til løpetid og rentebinding." Det er vidare bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variera mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente. Ein har sett grensa ved 1 år, slik at berre lån som har meir enn 1 år igjen av bindingstida er definerte som fastrentelån.

	31. des. 2015		31. des. 2016	
	Lånesaldo	Andel	Lånesaldo	Andel
Lån med fast rente	4 676 000	52,4 %	4 826 000	48,8 %
Lån med flytande rente	4 240 691	47,6 %	5 053 691	51,2 %
Totale lån	8 916 691	100,0 %	9 879 691	100,0 %

Av tabellen går det fram at 48,8 % av gjelda har fast rente.

8 lån på til saman 2 910 mill. kr er tekne opp med fast rente. I tillegg har ein inngått rentebytteavtalar¹, som sikrar renta for lån som er tekne opp med flytande rente.

Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen var 2,36 % pr. 31 desember, som er 0,18 % lågare enn ved førre årsskifte.

Renteregulering


Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal i følgje reglementet vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Ved årsskiftet var gjennomsnittleg rentebindingstid 1,9 år.

Oppstillinga nedanfor viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 51,2 % av porteføljen vil få regulert renta i løpet av 2017. I løpet av dei 3 næraste åra vil 66,4 % av dagens låneportefølje få fastsett ny rente.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2017	5 053 691	14	51,2 %
2018	555 000	2	5,6 %
2019	951 000	3	9,6 %
2020	1 005 000	3	10,2 %
2021	1 495 000	4	15,1 %
2022	820 000	2	8,3 %
Total	9 879 691	28	100,0 %

¹ Ved å nytte rentebytteavtalar kan ein endre samansetjinga mellom fast og flytande rente på låneportefølgjen, utan å endre vilkåra for dei einskilde låna. Om ein t.d. har eit lån på 300 mill. kr med flytande rente, kan ein inngå avtale med ein bank om å motta flytande rente av 300 mill. kr og betale fast rente av same beløpet. Fylkeskommunen vil etter dette både betale og motta flytande rente av 300 mill. kr, og endar opp med netto å betale fast rente av lånesummen.

Diagrammet nedanfor illustrerer korleis fastrenteavtalar går ut, samstundes som total lånegjeld er venta å auke. Dei 2-3 næraste åra er ein rimeleg godt sikra mot renteoppgang. Men marknadsrenta slår inn på alle nye lån som skal takast opp, og etter kvart på eksisterande lån når rentebindinga går ut.



Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjere meir enn 10 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over kor stor del av låneporteføljen som må refinansierast kvart år.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2017	3 176 000	9	32,1 %
2018	555 000	2	5,6 %
2019	1 540 000	4	15,6 %
2020	1 005 000	3	10,2 %
2021	1 483 000	4	15,0 %
2022	813 300	2	8,2 %
2023-	1 307 391	4	13,2 %
Total	9 879 691	28	100,0 %

Fylkeskommunen hadde ved årsskiftet 3 sertifikatlån med 3 månaders løpetid og 4 lån med 12 månaders løpetid. For dei tre låna med kortast løpetid har ein inngått «rulleringsavtale» med DNB. Dvs. at banken har teke på seg å fornye låna ved kvart forfall, vanlegvis over ein periode på 3 år. I denne perioden kan ein vere rimeleg trygg på at låna vil bli refinansierte.

Obligasjonslåna har løpetider på 3 – 10 år. Kommunalbanklåna har løpetider på 10 år eller meir. Eit måltal på dette er gjennomsnittleg kapitalbinding, som no er 3,5 år. Det vil seie at det i gjennomsnitt tek 3,5 år før låna i porteføljen må refinansierast.

Det har i det siste vorte sett fokus på at kommunesektoren i stor grad har finansiert langsiktige investeringar med kortsiktige lån, og at dette kan utgjere ein risiko når låna skal refinansierast. Frå bankane har det vorte

hevda at risikoen ved refinansiering er liten. Sjølv om det historisk ikkje har vore nemnande problem for kommunar å rå refinansiert lån, kan dette endre seg når summen av lån aukar så sterkt som ein har sett dei siste åra.

I tabellen nedanfor er ein spesifikasjon av alle lån som har forfall i 2017:

Dato	Lån	Beløp 1000
31.01.2017	Sertifikat 3 mnd.	345 000 (Rulleringsavtale)
20.02.2017	Sertifikat 3 mnd.	340 000 (Rulleringsavtale)
17.03.2017	Sertifikat 12 mnd.	390 000
30.03.2017	Sertifikat 3 mnd.	221 000 (Rulleringsavtale)
08.06.2017	Sertifikat 12 mnd.	335 000
01.10.2017	Obligasjonslån 2013/2017	425 000
27.10.2017	Sertifikat 12 mnd.	350 000
21.11.2017	Kommunalbanken 2007/2017	300 000
23.11.2017	Kommunalbanken sertifikat 12 mnd.	470 000
Totalt		3 176 000

Det er to langsiktige lån som har forfall i 2017. Eit av dei vil sannsynlegvis bli innfridd, som del av årets avdrag.

Likvidar

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot og plasseringar pr. 31. desember:

	2015	2016
Pengemarknadsfond		110 855
Ordinære bankinnskot	783 401	687 996
Skattetrekksmidler	113 016	112 707
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	503 369	561 812
Bankkonti bompengeprojekt	171 104	150 840
Sum innskot og plasseringar	1 570 890	1 624 210
Kassabeholdningar	21 512	21 656
Sum likvidar	1 592 402	1 645 866

Pr. 31. desember hadde fylkeskommunen nær 1 646 mill. kr i innskot og kontantar. Det har ikkje skjedd store endringar sidan førre årsskifte. «Øyremerkte» midlar (ulike tilskot til regional utvikling, spelemidler m.m) har auka med 58,4 mill. kr til 561,8 mill. kr.

Ei anna endring er at ein i 2016 har plassert noko av likviditeten i rentefond. I perioden 2012-2015 hadde fylkeskommunen ein så gunstig bankavtale at det var lite aktuelt å plassere ledige midlar utanom konsernkontoen. Frå 2016 er ein tilbake i ein meir «normal» situasjon, slik at det er aktuelt å prøve om alternative plasseringsformer kan gje noko høgare avkastning enn bankinnskot.

I 2. halvår 2016 har ein plassert 110 mill. kr i 5 ulike pengemarknadsfond. Avkastninga vart kr 854 807. Dette tilsvarer ei årleg avkastning på 1,59 %, som er 0,1 % høgare enn fylkeskommunen fekk på bankinnskot i same perioden.

Renteinntekter og -utgifter

	Rekn. 2015	Rekn. 2016	Bud. 2016
Gebyr, kursdifferansar, morarenter	1 875	1 834	
Renter på lån	165 493	163 097	
Rentebytteavtalar (netto)	60 250	66 428	
Sum utgifter	227 618	231 359	239 200
Rentekompensasjon	31 084	25 154	23 600
Renter av bankinnskot og fond	30 429	14 089	9 800
Renter av utlån m.m.	8 234	8 200	5 400
Utbytte	500		500
Sum inntekter	70 247	47 443	39 300
Netto renteutgifter	157 371	183 916	199 900
Renteinnt. på spelemidler/regionalmidl. etc.	13 410	8 082	

Brutto renteutgifter var 231,4 mill. kr i 2016. Dette er ein auke på 3,7 mill. kr i høve til 2015. Renteinntekter og rentekompensasjon utgjorde 47,4 mill. kr, ein nedgang på 22,8 mill. kr. Det er altså først og fremst inntektssida som har endra seg frå 2015 til 2016. Ei viktig forklaring er at fylkeskommunen i bankavtalen som gjeld frå 2016 ikkje har så gode innskotsvilkår som ein hadde i den tidlegare avtalen.

Netto renteutgifter syner ei innsparing på 16 mill. kr i høve til budsjettet.

Som nemnt framfor, er det ulike tilskotsordningar innan kultur og regional utvikling der mottekne midlar vert plasserte på eigne bankkonti, og renteinntektene vert tilført dei aktuelle føremåla. Renteinntekta på desse kontoane utgjorde i overkant av 8 mill. kr.

Renterisiko

Eit viktig spørsmål er korleis fylkeskommunen sine netto renteutgifter vil endre seg ved endringar i rentenivået.

Med dei lån ein hadde ved årsskiftet, vil ein renteauke på 1% medføre auke i renteutgifter på om lag 30 mill. kr første året (i 2017). Men renter av bankinnskot og utlån og rentekompensasjon vil auke med om lag same summen. Første året vil endringar i det generelle rentenivået gje minimale utslag. Det som eventuelt kan gje avvik frå budsjettet er endringar i kredittpåslaget, som ikkje gjev utslag på inntektssida.

Etter eitt år, altså ved inngangen til 2018, vil alle lån med flytande rente ha fått justert opp renta. Utslaget på brutto renteutgifter vert då 50,5 mill. kr. I tillegg får ein høgare rente på nye lån som skal takast opp.